



Årsmøte 17. mars 2015 Vennelaget for Lensmannsgarden

Dette står i vedtektene for Vennelaget:

1. Visjon

Visjonen for Vennelaget:

- Utvikla heile tunet på Lensmannsgarden til ein kulturell møteplass for grupper i alle aldrar på tvers av etablerte miljø.
- Ta vare på dei kulturhistoriske verdiane på Lensmannsgarden

2. Føremål

Føremål for Vennelaget:

- Vera saman om å ta vare på Lensmannsgarden
- Bidra med dugnadsarbeid til restaurering og vedlikehald
- Medverka aktivt til å etablere aktivitetar på området (arrangør/medarrangør)
- Formidla historie og kulturhistorie
- Vera ein støttespelar for Hå kommune.

Arbeidsprogram for 2015

Arbeidsprogram for 2015

1. Installering av sprinklaranlegg viss kommunen godkjenner dette.
2. Vera ein støttespelar for aktivitetsleiar/fritidspedagog
3. Vera ein støttespelar for Hå kommune og bidra med prosjektbasert vedlikehald
4. Bidra med arbeid ifm. rehabilitering av Hevdafjos dersom kommunen vedtek dette.
5. Driva kulturarrangement – ”Kultur i Løå”

Arbeidsprogram på lengre sikt

1. Innlemma våningshuset i Lensmannsgarden som ein kulturell møteplass.

Styret vil fortsetja å utføra arbeidet ved bruk av ulike komitear for ulike oppgåver, m.a. komité for byggjeleing, komité for organisering av dugnadsarbeid og arrangementskomité.